



Sakshandsamar: Synnøve Hinnaland Stendal

Referansar: KR 37/08, KM 04/08

Saksdokument:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
27.08.2010	Oversatt sammenstilt dok lokal prestetj.doc	53468

## Lokal presteteneste - utgreiing av nye ordningar

### Samandrag

*Lokal presteteneste – utgreiing av nye ordningar* har bakgrunn i behandlinga i Kyrkjerådet og Kyrkjemøtet av *Evaluering av godkjenningsordning for personer uten cand.theol.grad.* I tråd med mandatet og med tanke på situasjonen i Den norske kyrkja presenterer utgreiinga ordningane Ordained Local Ministry frå England og Ordnungsgemäß berufen frå Tyskland, begge ei form for assisterande presteteneste, og drøftar dessutan om ungdomsprest-/pastor med redusert krav til kompetanse vil vere ei god ordning. Personellsituasjonen i kyrkja, den kyrkjerettslege situasjonen og relevant erfaringssmaterial blir det også gjort greie for. Utgreiinga konkluderer med å fremje forslag om ulike typar assisterande presteteneste som har utgangspunkt i etablert praksis og er innanfor dei kyrkjerettslege rammene som alt finst. Utgreiinga tilrår ikkje ei ordning med ungdomsprest med bachelorkompetanse.

### Framlegg til vedtak

1. Kyrkjerådet sluttar seg til hovudkonklusjonane i utgreiinga *Lokal presteteneste – utgreiing av nye ordningar*:

Det vil vere mogleg å leggje meir systematisk til rette for ulike typar assisterande presteteneste, dersom personellsituasjonen blir slik at det viser seg å vere trøng

for dette. Dette gjeld tiltak som har utgangspunkt i etablert praksis og er innanfor gjeldande kyrkjerettslege rammar.

Ei eventuell ny ordning med ungdomsprest/-pastor med lågare kvalifikasjonskrav må vurderast i samanheng med det større stillingsmønsteret i kyrkja og er derfor ikkje aktuelt no.

2. Kyrkjerådet ber om at *Lokal presteteneste – utgreiing av nye ordningar* vert sendt til orientering til aktuelle instansar som arbeider med prestetenesta.  
Dokumentet går til orientering til BM og KM.

# Saksorientering

## Bakgrunn

Ei utgreiing om ”ordninger for prestetjeneste som er ulønnet, ordninger for ordinasjon til avgrenset tjeneste og ulike former for assisterende prestetjeneste” og behovet for å innhente erfaringar frå andre kyrkjer, er nemnd i sak BM 22/05 *Prestefullmakter til ikke-ordinerte*.

I samband med at Kyrkjerådet handsama sak KR 37/08 *Evaluering av godkjenningsordning for personer uten cand.theol.grad*, som vart lagt fram for Kyrkjemøtet seinare same året, vedtok Kyrkjerådet å be ”direktør oppnevne en komite til å utrede ordning med utgangspunkt i Den anglikanske kirkes Local Ordained Ministry og Ordnungsgemäß berufen i VELKD.” Kyrkjemøtekomiteen som handsama den same saka om evaluering av godkjenningsordningen (sak KM 4/08) gav uttrykk for følgjande i komitemerknadene (punkt 5):

Komiteen merker seg at Kirkerådet har vedtatt å utrede en ordning med utgangspunkt i den anglikanske kirkes ”Local Ordained Ministry” og ”Ordnungsgemäß berufen” i VELKD (De lutherske landskirker i Tyskland). Komiteen ser positivt på dette og vil samtidig foreslå at Kirkerådet vurderer muligheten for en ordning med ungdomspastor (jf. Ungdomstinget i Agder og Telemark bispedømme sak 05/08). En slik stilling kan ha et lavere krav til kompetanse, for eksempel en bachelor-grad, og kan være en prestestilling med begrensede fullmakter, og med veiledning fra en prest i en vanlig prestestilling.

Gruppa som har utarbeidd den utgreiinga som her ligg føre, *Lokal presteteneste – utgreiing av nye ordningar*, vart utpeika våren 2009. I brevet frå Kyrkjerådet fekk ho dette mandatet:

Gruppen skal gi en beskrivelse av ordningene Ordained Loal Ministry og Ordnungsgemäß, innhente erfaringer fra ordningene og beskrive evt. styrke og svakhet i forhold til bruk i Den norske kirke.

Gruppen bes også vurdere opprettelse av en stilling som ungdomsprest/-pastor i tråd med de føringer som er gitt fra Ungdomstinget i Agder og Telemark bispedømme.

Gruppen skal skissere mulige modeller/ordninger i lys av vår kirkes forståelse av ordinasjonen og sakramentsforvaltningen.

Gruppa hadde det første møtet sommaren 2009 og fullførte arbeidet året etter. Ove Conrad Hanssen var leiar for arbeidsgruppa. Dei andre medlemmane var Arne Kaldestad,

Birgitte Lerheim, Halvor Nordhaug og Bård Eirik Hallesby Norheim. Frå sekretariatet i Kyrkjerådet har Synnøve Hinnaland Stendal fungert som sekretær.

## **Innhald**

Utgreiinga om eventuelle nye ordningar for lokal presteteneste og om spørsmålet om ungdomsprest/pastor med lågare krav til kvalifikasjonar har desse hovuddelane:

1. Oppsummering
2. Innleiing
3. Den engelske OLM-ordninga og den tyske OB-ordninga
4. Leiarskap i ungdomsarbeidet i Dnk – med eit særleg blikk på tenesta med ord og sakrament
5. Personellsituasjonen – norske kyrkjelydsprestar
6. Den kyrkjerettslege situasjonen
7. Erfaringar med vegar til presteteneste via Evalueringsnemnda
8. Bruk av § 10 i Tjenesteordning for biskoper
9. ”Assisterande presteteneste” innanfor ramma av gjeldande ordningar for Dnk

Innleiingsvis har utgreiinga ei oppsummering av arbeidet (hovuddel 1) og ei drøfting av gruppa sitt mandat (hovuddel 2). Dei to ordningane, forkorta til OLM og OB, er utført med bakgrunn i den aktuelle og historiske situasjonen i den anglikanske kyrkja i England og i Den sameinte evangelisk-lutherske kyrkja i Tyskland (hovuddel 3). I ei tid som både økonomisk og personalmessig er pressa, har dei valt to ulike modellar for å skaffe tilstrekkeleg med pastoral teneste til lokale kyrkjelydar. Den engelske kyrkja har valt full ordinasjon også av personar som skal utøve ei avgrensa og nærmare instruksfesta, assisterande presteteneste på frivillig, ulønt basis. Kyrkjene i Tyskland har valt å reservere ordinasjon for personar med full teologisk utdanning, mens personar med lågare kompetanse, og som skal utføre ei slags assisterande presteteneste anten på frivillig eller lønt basis, kan få gjere dette etter ei nærmare spesifisert fullmakt.

Det er klare motførestellingar mot slike distinksjonar innanfor begge kyrkjene. *Lokal presteteneste – utgreiing av nye ordningar* viser også korleis dei to ordningane er ulikt utforma på grunn av forskjellig teologisk forståing og tradisjon. I den anglikanske tradisjonen, som er episkopal, er det vanskeleg å akseptere at personar utan prestordinasjon kan forvalte sakramenta. I den tyske lutherske tradisjonen blir i høg grad det allmenne prestedømmet framheva som sjølve fundamentet for all teneste, også den ordinerte, i ein kyrkjelyd. Denne tradisjonen legg også større vekt på den akademiske, teologiske skoleringa som viktig kompetanse for presteteneste.

Når dei to ordningane blir vurderte med tanke på situasjonen i Den norske kyrkja, ser arbeidsgruppa det slik at behovet for nye modellar eller ordningar for presteteneste, eventuelt ulike tenester med spesielle fullmakter, i høg grad er avhengig av vurderinga av den aktuelle kyrkjelege og samfunnsmessige situasjonen. Eksisterer det noko som nærmar seg ein nødssituasjon for kyrkja på det økonomiske området, eller når det gjeld rekruttering til prestestillingar, og er denne situasjonen så alarmerande at han kallar på radikal nytenking om tenesta i kyrkjelydane, spør arbeidsgruppa.

Når det spesielt gjeld spørsmålet om ungdomspastor/-prest (hovuddel 4), gir utgreiinga ei innføring i korleis ungdomsarbeidet er organisert i kyrkjer i Sverige, Finland og Storbritannia. Situasjonen for ungdomsarbeidet i Den norske kyrkja blir gjort greie for både i eit historisk og eit aktuelt perspektiv. Ein viser til at talet på aktive deltagarar i kristent barne- og ungdomsarbeid i regi av organisasjonane har gått markert ned dei siste 20-30 åra, samstundes som ungdomsarbeidet i større grad har vorte kyrkjelyden sitt arbeid. Situasjonen er no slik at dei erfaringane ungdom får med kristent ungdomsarbeid, særleg gjennom konfirmasjonstida, ser ut til å bli enda meir avgjerande enn før for den tilknytinga dei seinare vil få til kyrkja.

Mange av dei tilsette i kyrkjelydane er involverte i ungdomsarbeidet. Utgreiinga held fram at det likevel er eit problem og ei utfordring at det ikkje finst stillingar eller stillingskategoriar i Den norske kyrkja med eksplisitt ansvar for dette arbeidet, og heller ingen einskapleg tradisjon eller strategi for kven av dei tilsette som fungerer som leiar for ungdomsarbeidet. Utgreiinga slår fast at auka satsing på ungdomsarbeid i kyrkja og ei klargjering av dette, og da særleg for tenesta med ord og sakrament, er avgjerande for vidare satsing på ungdom og unge vaksne i Den norske kyrkja. Utgreiinga listar opp moglege argument både for og mot opprettinga av ein ny stillingskategori ungdomsprest/-pastor. Ein trur ikkje at dette vil løyse dei meir grunnleggjande utfordringane. Dersom ein opnar for ungdomsprestar med bachelorkompetanse, må ein dessutan også vurdere kva konsekvensar det bør få for andre relaterte stillingar.

Delen om personellsituasjonen for norske kyrkjelydsprestar (hovuddel 5) har som bakgrunn for situasjonsvurderinga KIFOs prosjekt Rekruttering til prestestillinger – faktagrunnlag og analyse av sammenhenger. Med i vurderinga er også resultata av ein spørjerunde til dei teologiske utdanningsinstitusjonane, som arbeidsgruppa sjølv har gjennomført. Utgreiinga held fram at årsakene til opplevd prestemangel er komplekse. Ein må skilje mellom ein vanskeleg bemanningssituasjon som skuldast stram økonomi og nedskjeringar og dei bemanningsproblema som skuldast dårleg rekruttering til presteutdanninga og prestetenesten. Vanskane i høve til ein del enkeltstillingar er ei problemstilling for seg, men ei generell rekrutteringskrise vil ikkje gjere desse mindre. Resultatet av spørjerunden til dei teologiske utdanningsinstitusjonane tyder på at det er ei generell nedgang i talet på uteksaminerte, og at ein ikkje uvesentleg del av desse har teke andre vegar til prestetenesta enn det ordinære studiet. I refleksjonane i høvet til OLM og OB ordningane spør arbeidsgruppa mellom anna om det er tenleg å bruke store ressursar på å opprette ei krevjande frivillig teneste i eit samfunn der kompetansekrava er høge og krysspresset på familien er stort. Eventuell innføring av prestar med bachelorgrad blir også problematisert. Ein meiner at det ikkje er sikkert at effekten på rekruttering til grisgrendte strøk er særleg stor, og at ei ordning som i første omgang kan synast å vere ”billig” for kyrkja, kanskje ikkje vil vere økonomisk gunstig på lengre sikt.

Delen i *Lokal presteteneste – utgreiing av nye ordningar* om den kyrkjerettslege situasjonen (hovuddel 6) gir eit kortfatta historisk tilbakeblikk og ei oversikt over gjeldande ordningar for dei vigsla tenestene og over andre forhold som er relevante for utgreiinga. Ein viser mellom anna til Bispekontoret si frasegn *Diakonitjenesten i kirkens*

*tjenestemønster* (sak BM 32/10). Vigslinga til kyrkjeleg teneste blir der forstått som ikkje tidsavgrensa og med sikte på ein livslang teneste som gjeld for heile kyrkja. § 10 i Tjenesteordning for biskoper, som gir biskopane høve til å gi lekfolk og theologistudentar under tilsyn av prest, fullmakt til å ”forrette forordnede gudstjenester, dåp, nattverd og gravferd”, og ordninga med preikegudsteneste er også nemnd. Delen konkluderar med at den kyrkjerettslege utviklinga har gått i retning av fleire alternativ for profesjonell og frivillig deltaking på område som tidlegare berre var for presten, større grad av tenestedifferensiering og fleire vegar til vigsla presteteneste med reduserte krav til teologisk fagkompetanse. Ordningane i kyrkja opnar med andre ord for tenestemangfald og fleksibilitet.

Erfaringar med vegar til presteteneste via Evalueringsnemnda (hovuddel 7) og ei kartlegging av bruk av § 10 i Tenesteordning for biskoper (hovuddel 8) er gjort greie for i dei to etterfølgjeande delane i utgreiinga. Den første av desse oppsummerer det erfaringsmaterialet som var innarbeidd i saksframstillinga til sak KM 4/08. Erfaringane synest stort sett å vere gode, sjølv om det også kom fram ei viss uro for låg teologisk kompetanse og for kort tid til fagleg mognad på område som er sentrale for prestetenesta.

For å finne ut av korleis § 10 blir brukt, spurde ein i samband med arbeidet med denne utgreiinga om omfanget og erfaringane. 7 (8) av biskopane/bispedømmene svarte. Også dette materialet viser stort sett gode erfaringar. Det ser ut til at ordninga fyller eit behov som elles hadde vore udekt, men at variasjonane er store når det gjeld innhaldet i fullmakta og omfanget både innanfor og mellom dei ulike bispedømma. Om ein ser bort frå stiftspraksis, er prestemangel i samband med ferieavvikling og vakanse dei viktigaste grunnane til at § 10 blir teken i bruk.

Den avsluttande delen i *Lokal presteteneste – utgreiing av nye ordningar* (hovuddel 9) peikar på det som er mogleg å få til ved bruk av § 10 i Tjenesteordning for biskoper og med ordninga med preikegudsteneste utan fullmakt frå biskopen. Arbeidsgruppa meiner at det her ligg føre ordningar som ved ein meir systematisk og målretta bruk opnar for å forme tenester tilsvarande OB i Tyskland og til dels OLM i England. I tilfelle der det er ønskjeleg med overgang til ei meir permanent presteteneste, peikar arbeidsgruppa på ordningane i § 4 og § 5 i Forskrift om tilsetting av menighetsprest, som opnar for godkjenning gjennom vedtak i Evalueringsnemnda.

Arbeidsgruppa reflekterer over og samanliknar denne konklusjonen med drøftinga av § 10 i *Ordinasjon og vigsling i Den norske kirke. Rapport fra Osberg-utvalget*, der haldninga er meir restriktiv. Gruppa erkjenner at ein praksis der ikkje-ordinerte kan forvalte nattverd og dåp kan skape komplikasjonar i somme økumeniske relasjoner. Ein viser til at ordinasjon likevel framleis er den heilt dominerande hovudpraksisen. Men når ei kyrkje står i ein nødssituasjon som dei økumeniske avtaletekstane ikkje reflekterer, bør omsynet til kyrkjelydane tilseie ein viss fleksibilitet når det gjeld forståinga av desse avtalane.

Til forslaget om ungdomspastor/-prest med bacheloreksamen held arbeidsgruppa fram at dette rommar to ulike forhold som ikkje nødvendigvis har så mykje med kvarandre å

gjere: behovet for ei meir systematisk organisering og ein strategi for å vareta ungdomsarbeid i Den norske kyrkja generelt og det underordna spørsmålet om ein eventuell ny stillingskategori for å kunne byggje opp fellesskapar for ungdom som inkluderer sakramentsforvaltning. Spørsmålet om bachelorprest bør ein sjå i samanheng med ei avklaring også for dei andre relevante stillingsgruppene. Å satse på ein ny stillingskategori no, utan at ein tek omsyn til denne større heilskapen, vil ikkje ha noko for seg og heller ikkje kunne løyse dei grunnleggjande utfordringane som gjeld ungdomsarbeidet. Arbeidsgruppa rår derfor ikkje til at det blir etablert ein ny stillingskategori med ungdomsprest på bachelornivå.

### Vurdering

*Lokal presteteneste – utgreiing av nye ordningar* viser at Den norske kyrkja allereie har ordningar med fleire vegar til prestetenesta og stor fleksibilitet. Kyrkja bør likevel, slik utgreiinga er inne på, ha ein beredskap dersom situasjonen blir vanskelegare når det gjeld økonomi og rekruttering. I staden for å etablere nye, kanskje ressurskrevjande ordningar, som reduserer kvalifikasjonskrava til prestetenesta ytterlegare, synest forslaget i utgreiinga om å bruke § 10 i Tjenesteordning for biskoper på ein meir systematisk måte, å vere ei god løysing. Sidan dette let seg realisere innanfor gjeldande kyrkjerettslege rammer, og sidan *Lokal presteteneste – utgreiing av nye ordningar* ikkje har bakgrunn i eit kyrkjemøtevedtak, berre i den komitemerknaden som er sitert under Bakgrunn, skulle det ikkje vere grunn til å legge utgreiinga fram til behandling i Kyrkjemøtet.

Utgreiinga bør utfordre til arbeid for større satsing og meir systematikk i ungdomsarbeidet i kyrkjelydane. Eit ungdomsarbeid som lukkast er også svært viktig for rekrutteringa til dei kyrkjelege tenestene.

*Lokal presteteneste – utgreiing av nye ordningar* bør vere tilgjengeleg som eit ressursmateriale for anna arbeid med liknande og tilgrensande spørsmål.

### Økonomiske/administrative konsekvensar

I revidert budsjett for dette året er det sett av kr. 10.000 til å trykkje eit mindre opplag av utgreiinga. Dette er middel som var tenkt til bruk i arbeidsgruppa sitt arbeid, men som det viste seg at det ikkje vart trond for.